

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTE 2020

Torsdag 03. desember kl. 18:00

Møte blei heldt i konferanserommet på Quality Hotell, det var 21 frammøtte.

På grunn av Covid 19 situasjonen var det førehandspåmelding til møte og det vart laga deltakarliste som vart sjekka ut før møte starta. Vi følgde smittevernreglane under heile møtet.

Styreleiar Bengt Solheim Olsen ynskte velkommen og takka for frammøte under dei spesielle omstenda.

### Utsend saksliste:

- 1) Godkjenning av innkalling
- 2) Godkjenning av sakslista
- 3) Val av møteleiar
- 4) Val av to møtesekretærer
- 5) Val av to til å skrive under protokollen
- 6) Styret si årsmelding, vedlegg 1 – Årsmelding 2020
- 7) Årsrekneskap, vedlegg 2 – Årsrekneskap 2020
- 8) Budsjett og handlingsplan for 2021, vedlegg 3 – Handlingsplan 2021, vedlegg 4 - Budsjett 2021
- 9) Fastsetting av losji prisar for 2021 Forslag til vedtak: Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene
- 10) Fastsetting av turavgift for 2020 Turavgift Flora Turlag 2021 Forslag til vedtak: Heildagsturar: Medlemmar gratis og ikkje-medlemar kr. 100. Tysdags- og onsdagsturar: Medlemmar gratis og ikkje-medlemmer kr. 100. Barn under 15 år gratis. Transport kr. 30 til sjåfør ved felleskøyring. Over 20 km kr. 40
- 11) Val av styret 2021 sin leiar
- 12) Val av styremedlemmar 2021
- 13) Val av medlem til valnemnd 2020
- 14) Val av revisor 2020
- 15) Val av to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte - styret får fullmakt til å utpeike nokon frå styret når dette er konstituert.

Årsmøtet vert avslutta med presentasjon, sal og signering av den nye boka, «Opptur Ytre Sogn og Fjordane» ved forfattar Torkjell Djupedal

Ein gjekk rett til sak 3 på sakslista, og etter forslag vart Siv Merete Stadheim vald til møteleiar. Møte følgde deretter saklista vidare.

**1. Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart samrøystes godkjent. Det vart registrert 19 røysteføre medlemmar blant dei 21 frammøtte.

**2. Godkjenning av sakliste**

Saklista vart samrøystes godkjent.

**3. Val av møteleiar**

Siv Merete Stadheim vart samrøystes valt som møteleiar.

**4. Val av to møtesekretærar**

Anders Myklebust og Karen Nilsen vart samrøystes valde som møtesekretærar.

**5. Val av to til å skrive under møteprotokollen**

Siv Grov og Dag Eliassen vart samrøystes valde til å skrive under møteprotokollen.

**6. Godkjenning av Årsmelding for 2019, saksvedlegg nr. 1**

Styreleiar gjekk gjennom årsmeldinga.

Det var kommentert at det er Marianne Sundal som er revisor og ikkje Progresso. Det var også kommentert at Heidi Humlestøl Aasen også er i valnemnda. Styret endrar dette i årsmeldinga.

Lansering av Trimpoeng i 2021 blei dradd fram som eit særleg positivt tiltak.

Siv Merete som leiar av Sogn og Fjordane Turlag roste styret og Flora Turlag for stor aktivitet på sosiale medium og at vi er av dei beste på det feltet.

Årsmeldinga vart samrøystes vedtatt.

**7. Årsrekneskap, vedlegg 2 – Årsrekneskap 2020**

Årsrekneskapen vart gjennomgått av Sunniva Geithus og vart samrøystes vedtatt.

**8. Budsjett og handlingsplan for 2021, vedlegg 3 – Handlingsplan 2021, vedlegg 4 - Budsjett 2021**

Det kom inn forslag om å gå gjennom handlingsplanen før ein vedtar budsjett.

Styreleiar gjekk gjennom handlingsplanen.

Sunniva gjekk gjennom budsjettet.

Det kom inn spørsmål kring budsjettet for hytta på Kinn og korleis ein har tenkt å gjere det med vatn og avløp. Nokre meinte at medlemmane var for lite orientert om prosessen på Kinn, og at informasjonen burde være meir tilgjengeleg og allmenn.

Anders orienterte årsmøtet om dugnaden for hyttene.

Eit medlem meinte at vi ikkje kunne vedta budsjettet før årsmøtet veit meir om korleis desse pengane skal nyttast. Andre meinte at ein burde ha tillit til at styret gjennomfører på ein fornuftig måte.

Møteleiar bad om at Anders fortalde litt om det planlagde arbeidet på Kinn.

Anders orienterte om planane for arbeidet for å sikre godt vatn og lovmessig godkjent

avløpsanlegg samt drenering av område ovafor hytta. Og det vart presisert at ein ynskte at hytta skulle stå fram som ei «Grøn» hytte utan forureinande utslepp.

Endeleg løysing og utforming er det ikkje tatt stilling til, men det er innhenta prisar som ligg til grunn for beløpet i budsjettet.

Eit medlem tilbød seg å komme med råd for løysinga på Kinn. Anders tek kontakt med han.

Det kom inn kommentar om at fredagstipset bør inn i handlingsplanen under kommunikasjon. Det oppstod også ein samtale rundt Hav – og Fjellsport gruppa og om den gruppa burde eksistere, då det ikkje har vært aktivitet der på fleire år. Styret sjekkar med Kjetil Høydal før vi tar den ut av handlingsplanen.

Budsjettet og handlingsplan blei samrøystes vedtatt med kommentarane som nemnt.

## 9. Fastsetting av losji prisar for 2021

**Forslag til vedtak:** Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene

Forslaget til vedtak vart samrøystes godkjent.

## 10. Fastsetting av turavgift 2021

**Forslag til vedtak:** Helgedagsturar: Medlemmar gratis og ikkje-medlemmar kr. 100. Tysdags- og

onsdagsturar: Medlemmar gratis og ikkje medlemmer kr. 100. Barn under 15 år gratis.

Transport kr. 30 til sjåfør ved felleskøyning. Over 20 km kr. 40.

Fleire synes tysdag - og onsdagsturane burde være gratis, og trur fleire kuttar ut turen på grunn av prisen. Styret si innstilling er at det er fornuftig med ein liten pris for turane då vi motivera til å bli medlemmar av Flora Turlag. Det kom også opp forslag om familierabatt, og at ein kan utvide samarbeidet med Frivilligsentralen i Flora for dei som ikkje har råd.

Det kom to stemmer for gratis tysdag – og onsdagsturar, og dermed blei styret sitt forslag til vedtak godkjent.

Styret vil likevel utgreie spørsmålet vidare til neste årsmøte for særleg å sjå det opp mot praksis i andre turlag.

## 11. Val av:

- leiar
- to styremedlemmar
- to varamedlemmar
- revisor
- to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte
- to medlem til valnemnda

### Valnemnda si innstilling:

Bengt Solheim-Olsen	medlem	attval (1 år)
Sunniva Geithus	medlem	attval (2 år)
Anders Myklebust	medlem	ikkje på val (2 år)
Karen Nilsen	medlem	attval (2 år)
Siv Grov	medlem	ikkje på val (2 år)
Kari-Anne Melvær Strømmen	varamedlem	attval (1 år)
Toralf Otnes	varamedlem	attval (1 år)

Alvdis Solvang

revisor

nyval (1 år)

Val av leiar: Bengt Solheim-Olsen vart samrøystes valt som leiar. Dei andre styremedlemmane og revisor vart samrøystes valt.

Det kom framlegg om at styret vel utsendingar til Sogn & Fjordane Turlag sitt årsmøte. Framlegget vart samrøystes vedtatt.

**Val av valnemnd:**

Dag Eliassen og Siv Merete Stadheim er på val. Dag Eliassen tar attval for to år og Egil Russøy går inn for Siv Merete. Heidi Humlestøl Aasen er ikkje på val.

Val av valnemnd var samrøystes vedtatt.

Møteleiar Siv Merete Stadheim vart takka for innsatsen av Styreleiar Bengt Solheim-Olsen.

Kveldens foredragshaldar var Torkjell Djupedal som fortalde om si nye bok «Opptur Ytre Sogn og Fjordane». Vi avslutta årsmøte med sal og signering av den flotte boka.

Kun enkel servering med kaffi og vatn i år grunna Covid-19 tiltak.

Møte avslutta ca 21:30.

Referentar

Karen Nilsen

Styreleiar

Bengt Solheim Olsen

Anders Myklebust

Medlemmar vald til å signere referatet:

Siv Grov

Dag Eliassen